Den eksisterande dammen (vassreservoar for snøproduksjon) blir liggande midt i ny E39-trase og må derfor erstattast. Dette har vegvesenet teke omsyn til ved ein rekkefølgjeparagraf, som sikrar at eit fungerande alternativ skal vere på plass før veganlegget blir oppstarta. Dette er bra og i samsvar med innspel frå både skisenteret og kommunen.

Synkronisert utbygging

Vegvesenet har gjort det klart at ambisjonen er å synkronisere utbygginga av parsellen Ørskogfjellet - Vik med fjordkryssinga under Romsdalsfjorden, slik at begge anlegga står ferdige samtidig. Dette er også bra og i samsvar med tidlegare innspel frå kommunen, ref. PS-30/21 *Reguleringsplan E 39 Vik - Julbøen - Endring etter forenkla prosess.*

T-kryss i Fremstedalen og hovudkryss ved Bythaugen

Dette heng i hop og utgjør dei 2 første ankepunktene: Planteikninga (R03) og planomtalen side 37 viser eit T-kryss midt i stigninga på Fremstedalen. Dette krysset er tiltenkt trafikk frå Vestnessida, som skal til og frå skisenteret og utfartsområda på Ørskogfjellet. TS revisor Håvard Parr Dimmen (Norconsult) viste i møte med administrasjonen og SVV 02.02.22, at dei har vurdert trafikksikkerheita i T-krysset i fleire omgangar og konkludert med at dette er ei trafikksikker løysing, utforma i hht vegnormalane. Vestnes

kommune har ikkje same fagkompetanse på dette området som SVV, men syner til tidlegare erfaring knytt til T-kryss i kommunen.

Vestnes kommune opplever å ha eit generelt godt samarbeid med Statens vegvesen gjennom fleire tiår. Det har vore nokre kampar i høve å få til betre og tryggare løysingar. Nemner kort rundkøyringa på E39 ved Vestnes sentrum, der Vestnes kommune vann fram. Og Brastadkrysset lenger sør på E39, der vi ikkje vann fram. I krysset ved sentrum har det ikkje skjedd fatale ulykker, i motsetning til ved Brastadkrysset, som er eit T-kryss med flat veg.

Trass estimert relativt liten trafikk i lokalvegen som endar i det planlagde T-krysset, meiner kommunedirektøren at ein må sjå på alternative løysingar. I møtet med SVV 02.02.22, kom SVV med moglege forbetningsforslag:

- Redusere antallet svingebevegelser i krysset (fra 4 til 2)
- Mindre justeringer/ forbedring av stigningsforhold i kryssområdet
- Forbikjøringsfelt på påkjøringsrampe E136 eller på ny E39 Svv mener beste løsnung er på ny E39, og ikke på rampa. SVV har i utgangspunktet tenkt forbikjøringsfelt lenger sør innenfor planområdet for tilgrensende plan, men dette kan evt. revurderes.
- Bruk av skilting som legger til rette for at trafikken til skisenteret ikke benytter lokalvegen, men benytter toplankryss lenger sør. Vedlegger skisser som viser løsningsalternativene sør for plangrense

Sjølv om løysinga er innafor vegnormalane, bør ein stille seg spørsmål om det er fornuftig å bygge eit kryss midt i stigninga på ein europaveg (E136) med stort innslag av tungtransport og forventa god fart nedover bakkane. Når ulykker skjer i slike konfliktpunkt, er det stor risiko for fatal utgang. Ein kan ikkje sjå at forbetningspunkta ovanfor endrar risikoen i stor grad.

Alternative løysingar

Trass estimert relativt liten trafikk i lokalvegen som endar i det planlagde T-krysset, kan ikkje kommunedirektøren tilrå at eit nytt og farleg T-kryss blir bygd i stigninga på Fremstedalen slik det planforslaget viser. Det er eit både tryggare og meir akseptabelt alternativ at hovudkrysset på Ørskogfjellet blir lagt sentralt på fjellet, ved kommunegrensa på Bythaugen (jf. prinsippet i kryssalternativ C114, som er eit av mange kryssalternativ vegvesenet har presentert og jf. vedlagte «Kryss Skisenteret»). Dette er ein akseptabel og trafikktrygg omveg for skisentertrafikken. Dersom ein held fast ved at det er nødvendig med ein trase for saktegåande kjøretøy (som ikkje har lov til å bruke E39), kan denne anleggast med bom i begge endar og tilknytning ved eksisterande p-plass litt lenger nordaust på Fremstedalen. Dette vil truleg i liten grad berøre Postvegen.

I etterpåklokskapens lys hadde det såleis vore ønskeleg at plangrensa vart trekt i kommunegrensa og inkluderte hovudkrysset sentralt på Ørskogfjellet, slik det her er omtalt. Ein kan også spørje seg om ikkje det var fornuftig med 1 plan for heile strekninga Digernes – Vik, slik at ein med bokstaveleg tala større vidsyn kunne vurdere heile strekninga med aktuelle tilknytningar til sidevegar i ein samanheng.

Behov for forbikjøringsfelt/krabbefelt

Det tredje forholdet kommunedirektøren vil påpeike er følgjande: Trafikken på E136 (Eksportvegen) som skal sørover mot Ålesund, må køyre under ny E39 og gli innpå denne frå rette sida. Dette prinsippet er sjølv sagt både nødvendig og rasjonelt. Ankepunktet er at planlagde stigningsforhold på denne påkjøringsrampen er opp mot 6%. Dette er meir enn til dømes stigningane på Vikesida av Tresfjordbrua og bakken sørover frå rundkøyringa på Vestnessida av Tresfjordbrua. 6% er i brattaste laget og kan føre til at tunge og saktegåande storbilar hindrar annan trafikk. Her bør det derfor vere forbikjøringsfelt (krabbefelt). Kommunedirektøren legg til grunn at E136 er ein ei like viktig transportåre som E39 og bør ha like trygg og god trafikkflyt som den nye E39.

Vurdering ved 2.gongs høyring

Når det gjeld T-kryss i Fremstedalen og hovedkryss ved Bythaugen, viser kommedirektøren til vurderingane ved forrige høve og presiserer følgjande:

Sjølv om løysinga er innafor vegnormalane, bør ein stille seg eit kontrollspørsmål: Er det fornuftig å bygge eit kryss midt i stigninga på ein europaveg (E136) med stort innslag av tungtransport og forventa god fart nedover bakkane? Når ulykker skjer i slike konfliktpunkt, er det stor risiko for fatal utgang. Sjølv om trafikken på lokalvegen i teorien er liten, er det å forvente at den kan vere konsentrert, knytt til utfartsdagar særleg på vinterstid. Såleis vurderer kommedirektøren at faren for stygge ulykker er vesentleg større enn det som teoretisk kjem fram av vegnormalane.

Den naturlege konsekvensen av dette, er å legge hovedkrysset for utfartsområdet på Ørskogfjellet sentralt plassert ved Bythaugen. Ei slik løysing vil ikkje vere til hinder for eventuell etablering av kryss også ved Fjellstova, ettersom ambisjonane om fartsgrense er redusert frå 110 km/t til 80/90 km/t, med tilhøyrande redusert krav til avstand mellom kryssa. Trase for saktegåande kjøretøy (som ikkje har lov til å bruke E39), kan anleggast med bom i begge endar og i tilknytning til eksisterande p-plass litt lenger nordaust på Fremstedalen, om nødvendig ved delvis bruk av Postvegen etter prinsippet vern gjennom bruk.

Når det gjeld behovet for forbikjøringsfelt/krabbefelt for sørgåande trafikk frå E136, som skal opp stigninga på Fremstedalen og flette seg inn på ny E39, meiner kommedirektøren at behovet fortsatt er til stades for å oppnå god trafikkflyt. SVV skriv at forbikjøringsmulegheit i sørgåande retning er lagt inn i reguleringsforslaget. Dette er plassert lenger sør enn stigninga på Fremstedalen, der rampen frå E136 kjem inn på ny E39. Kommunedirektøren meiner fortsatt at E136 er ei like viktig transportåre som E39 og bør ha like trygg og god trafikkflyt som den nye E39. Planlagt løysing er såleis ikkje ideell, men likevel vurdert som akseptabel og vi rår derfor ikkje til å gå vidare med dette innspelet. Det hadde likevel vore fornuftig om planane tok omsyn til at det skal vere praktisk muleg å anlegge krabbefelt på seinare tidspunkt.

Vedkomande tilkomst til utmarksteigar på Fremstedalen har SVV foreslått at skog kan takast ut på frosen mark, med utgangspunkt i tilkomstvegen til hyttefeltet på Dallia. Kommunedirektøren har ingen sterke motforestillingar til dette og legg til grunn at SVV ordnar med tinglyste rettar til ferdsel over andre sin grunn. Det bør som minimum anleggast ein avkjørsel til formålet og kommedirektøren rår SVV til også å vurdere alternativet med å løyse ut og ta ned granskogen i samband med anlegget.

Oppsummert er det viktigste no å sjå til at det blir bygd både trygge og formålstenlege kryssløysingar og at ein i større grad vurderer dei ulike delstrekningane i samanheng. Det er nok tid til dette, utan at det går utover målet om samtidig ferdigstilling av fjordkryssinga og parsellen Ørskogfjellet – Vik. SVV må uansett bruke litt tid til å følgje opp kommunens krav til reguleringsendring for eit meir rasjonelt kollektivtransportsystem ved Vik-krysset, slik kommunestyret vedtok i mars 2021.

Vedlegg

Reguleringsplan E39 Ørskogfjellet - Vik - Innspel ved offentlig ettersyn

Vedtak

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - E39 Ørskogfjellet - Vik - fråsegn ved offentlig ettersyn - frå Møre og Romsdal fylkeskommune

SV_ MØT_ E39 Ørskogfjellet- Vik. T- kryss i Fremstedalen- alternative løysninger.msg
20220405105950.pdf

Drøftingsmøte med Vestnes kommune 25.01.22

Ny E39 Ørskogfjellet-Vik_ Høringsuttalelser

E39 Ørskogfjellet-Vik - Detaljreguleringsplan på offentlig ettersyn og høyring

E39 Ø.fjell - Vik - Merknadsbehandling.pdf
E 39 Ø.fjell - Vik - Kartblad 1-3.pdf
Ny E39 Ørskogfjellet-Vik_ Forbikjøringsfelt

Særutskrift:

Statens vegvesen
Ålesund kommune
Statsforvaltaren
MRFylkeskommune

Høringsuttale E39 Ørskogfjellet-Vik

1. Sterkt kritisk til stykkevis og delt planlegging med dertil mangelfull risikovurdering. Risikovurderingen er avgrenset til selve Vikakslatunnelen + 200 meter i hver ende. Dermed uteblir vurdering av økt brannrisiko pga at Vikakslatunnelen får 3% stigning i direkte fortsettelse til lang og bratt undersjøisk Tautratunnel.
Er de alvorlige ulykkene i forbindelse med Gudvangasystemet med i vurderingene ?
Ørskogfjellet-Julbøen har over 60% mer høydeforskjeller enn Gudvangasystemet.
2. Det henvises til forholdsvis gamle temaanalyser om ulykker i forbindelse med tunneler. De alvorlige branntilfellene med Gudvangasystemet er da ikke inkludert. Heller ikke mange av de alvorlige tilfellene i Oslofjordtunnelen, m.fl. Hvordan vurderinger har SVV gjort om dette?
3. Tunnelene brukt som sammenligningsgrunnlag er forholdsvis flate tunneler. Vikakslatunnelen får 3% stigning i direkte fortsettelse til lang og bratt undersjøiske Tautratunnelen. Bør man ikke sammenligne mot lignende tunnelløsninger?
4. T-kryss mot en nasjonal stamvei med fartsgrense på 80 km/t må i et moderne veisystem unngås når man skal bygge nye anlegg. I tillegg blir det forholdsvis store høydeforskjeller gjennom kryssløsningene. Er denne problematikken debattert?
5. Det legges opp til utviding av Vikakslatunnelen og E39/E136 i området til 4-felt og høyere fartsgrenser. Gjeldene motorveiplan beskriver området med 4-felt og 110 km/t. Hvordan tenkes dette T-krysset løst i den forbindelse?
6. I planbeskrivelsen er det limt inn en beskrivelse av prosjektet E39 Ålesund – Molde som om at det er riktig det som står der – uten at det er kommentert.
Det påstås her at prosjektet har redusert kostnader med 40% i forhold til NTP 2018-2029, halvert kjøretid og netto nytte.
Her bør det kommenteres:
 - Reduserte kostnader er i hovedsak redusert standard, og om man skal bygge ut strekningen som beskrevet i NTP 2018-2029, vil kostnaden minst overstige det «innsparte» på et senere tidspunkt.
 - Halvert kjøretid gjelder ikke hverken for del 1 (fjordkryssing uten Vikakslatunnelen), eller med Vikakslatunnelen. Det gjelder bare fullt utbygd som beskrevet i NTP 2018-2029.
 - Nettonytten samme som punkt over.
7. Hvordan hensyntas rekkefølgekravet om at det ikke settes trafikk på Vik-Julbøen før Vik-Ørskogfjellet er ferdig når SVV reduserer prosjektet del 1 uten Vik-Ørskogfjellet?
Dette henger ikke sammen, og vi forventer at del 1 inkluderer Vik-Ørskogfjellet
8. Det legges frem som at trafikkforholdene bedres betraktelig i planbeskrivelsen. Til og med kollektivtilbud, gang- og sykkel omtales som bedre enn i dag.
 - Hvordan forklares dette når man i dag har over 50 gratis avganger over fjorden med ferge i dag?
 - Hvordan kan «kystruta» via Midsund være forbedring i forhold til fergeløsninga mellom kommunesentrene Vestnes/Molde?

- Blir det bedring av trafikkforhold med milevis med enkeltløpede tunneler uten mulighet for hjelp ved alvorlige ulykker?
 - I SVV sine egne normer stilles det krav til kjøreopplevelsen. Hvordan forsvares det da med over 3 mil med tunnel Ørskogfjellet-Vik? Og mest sannsynlig ennå mer tunneler videre mot Ålesund.
 - SVV påstår at det er tryggere med tunneler enn vei i dagen – og glemmer helt resten av rapportene som påpeker faren for monotonitet. Dette prosjektet med bare milevis med tunneler er et skrekksenario i så måte.
 - Det er få avkjørsler på E39/E136 i dag, og med f.eks enkle av-/påkjørselfelt ved Brastadkrysset, ville også dette bli så trygt som mulig uten at det er planfritt.
9. Å korte inn planområdet for å unngå konflikt med interesser på Ørskogfjellet er direkte respektlaust for publikum. Dette tyder på at SVV skyver fremtidige kryssløsninger på Ørskogfjellet inn i evigheten for å presse frem fortgang i bygging av fjordkryssingen. Og på denne måten låse fjordkryssingsalternativet – stikk i strid med publikums ønsker. Over 80% av befolkningen i fylket ønsker en oversjøisk og tunnelfri kryssing av Romsdalsfjorden. Er dette debattert i SVV?
10. Nasjonale mål med nasjonale stamveier er fremtidsrettede løsninger både med hensyn til miljø, trafiksikkerhet og bærekraft.
Hvordan forsvares følgende løsninger ihht de nasjonale målene?
- Store høyde forskjeller som skaper utfordringer med miljø og trafiksikkerhet (Energiforbruk og økt brannfare)
 - Unngå undersjøiske tunneler spesielt – og tunneler generelt
 - Unngå nasjonale stamveier gjennom sentrumsområder med rundkjøringer og trafikklys.
11. Hvor store kostnader er beregnet for drift, vedlikehold og rehabilitering?

Romsdalsaksen AS

v/Jørn Inge Løvik
Daglig leder



STATENS VEGVESEN
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon
Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Vestnes kommune

Detaljregulering for ny E39 Ørskogfjellet-Vik

Fråsegn til 2.gongs høyring - motsegn

Detaljreguleringsplan for E39 Ørskogfjellet-Vik er lagt til andre gongs høyring. Føremålet med planarbeidet er å regulere ei delstrekning for ny E39 mellom Ålesund og Molde i Vestnes kommune.

Ved første gongs høyring fremma Statsforvaltaren motsegn til planforslaget innafor tema naturmangfald, friluftsliv og klimagassutslepp, jamfør T.2/16 Nasjonale og vesentlege interesser på miljøområdet – klargjøring av miljøforvaltningens innsigelsespraksis. Motsegna gjaldt følgjande:

- Korleis vegtrafikkstøy vil verke inn på friluftslivet er ikkje tilstrekkeleg utgreidd og ivaretatt i planarbeidet
- Plana tek ikkje tilstrekkeleg omsyn til myrområda sin verdi som økologisk funksjonsområde for trua våtmarksfugl
- Oransje alternativ, som bidrar til å bygge ned dei truga naturtypane slåttemark og naturbeitemark
- Det er ikkje gjennomført elveøkologisk kartlegging av dei elvestrekningane som vert råka av utbygginga. Korleis inngrepa vil påverke vassmiljøet og vasslevande organismar er dermed ikkje tilstrekkeleg utgreidd
- Det er ikkje innarbeidd nok tiltak i føresegnene som bidrar til å redusere klimagassutsleppa

Vi er nøgd med at mange av våre merknader og motsegnspunkt er tekne omsyn til i revidert planforslag.

Oransje vegalternativ er forkasta. Raudt vegalternativ ligg inne ved 2.gongs høyring. Dette alternativet kjem best ut for ikkje -prissette konsekvensar.

Andre endringar som er gjort er at det er lagt inn forbikøyringsfelt i sørgående retning. Det vil seie at vegen er endra frå to- til trefelts motorveg på ei strekning. Brua over ny E39 mot Skitnesetra er justert slik at eksisterande og ny veg er lagt tettare på kvarandre i den sørlege delen av planområdet. Dette bidrar til å redusere inngrepa i myrområde i vest for vegen. Det er elles gjennomført elveøkologisk kartlegging, kartlagt økologisk funksjonsområde for fugl og støy for stille område.

Statsforvaltaren si rolle i plansaker:

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg

Vi saknar ei tydeleg oversikt over kva endringar som er gjort frå første til andre gongs høyring. Ei slik oversikt gir meir effektiv sakshandsaming. Vi ber om at dette blir gjort i framtidige planprosessar.

Utbygging av ny E39 mellom Ålesund og Molde gir ein trafikkvekst som fører til auka klimagassutslepp og betydelege naturinngrep. Dette gjeld også raudt traséalternativ.

Sidan planforslaget gir direkte føringar for korleis vegen går vidare sørover burde plana avklare konsekvensane for naturverdiane også utanfor planområdet. Planområdet sluttar innafor registret naturtype kystmyr av viktig verdi (NM 18 i KU naturmangfald). Dette er også eit viktig leveområde for fugl (NM 25) som er vurdert til å ha svært stor verdi. Myra overlappar med Nysætervatnet naturreservat. Inngrep i myra kan gje indirekte verknader for verneområdet.

Vegen vil fortsette vidare sørover og vi ser at traseen vil gje større inngrep i NM 18, NM 25 og verneområda enn det som er vurdert i konsekvensutgreiinga for naturmangfald. Konsekvensutgreiinga gir ikkje eit riktig bilete av den totale konsekvensen for naturverdiane så lenge det ikkje er gjort vurdering for heile tiltaket/inngrepet i området. Totalbelastning for kystmyr, viktig leveområde for fugl og verneområde må utgreiast.

Vi har behov for å sjå ulike alternativ for vegføringar vidare sørover, og forskjellen i grad av påverknad på dei nasjonale naturverdiane som er i området. Det står at bruk av parkeringsarealet /flystripa skal vurderast ved planlegging av tilgrensande parsell. Dette burde bli utført no før ein låser vegføringa i detaljregulering Ørskogfjellet-Vik. I planomtalen er det vist ein figur som viser effekten for arealinngrep etter reduksjon på 5 meter avstand mellom eksisterande og ny veg sør i planområdet. Om ein i tillegg ser på løysingar der ein tek i bruk flystripa vil ein truleg redusere arealinngrepet ytterlegare.

I merknadsbehandling E39 Ørskogfjellet-Vik datert 12.09.2022 skriv Statens vegvesen at ein ved regulering av strekninga Digernes-Ørskogfjellet har moglegheit for å forlenge planområdet nordover (overlappe reguleringsplanen for Ørskogfjellet-Vik) dersom ein ved samordning har behov for å justere grensesnittet mellom dei to planane.

Om ein i denne plana ikkje klarer å synleggjere godt nok samla konsekvens for naturmangfald og kva for veglinje sørover som vil gje minst negative verknader for nasjonale naturverdiar, må dette gjerast i neste planprosess.

Planforslaget gir direkte føringar for vegen vidare. Konsekvensutgreiinga synleggjer ikkje at dette er den løysinga som gir minst samla negative verknader for naturverdiane i området. Statsforvaltaren fremmer **motsegn** inntil det er tilfredsstillande avklart at regulert veglinje er den beste løysinga for kystmyr, viktige leveområde for sårbare artar og verneområda samla sett, jamfør naturmangfaldlova § 10 om samla belastning. Dersom ein vel å utsetje avklaringa til neste delplan vidare sørover, føreset vi sikring i føresegn til denne planen opning for reguleringsendring, slik at vi har tryggleik for at avslutninga i denne planen ikkje vil gi absolutte føringar vidare over Ørskogfjellet. Vi ser at KU-for naturverdiar vidare sørover kan synleggjere vesentlege utfordringar, særleg kring Nysætervatnet, som tilseier at det kan bli behov for tilpassingar.

Friluftsliv

Vi fremma motsegn til plana fordi det ikkje var avklart korleis vegtrafikkstøyen vil verke inn på friluftslivet og stille område.

I revidert planforslag er det utarbeidd støykart som viser utbreiinga av stille område med 40dB støysoner for eksisterande veg samanlikna med ny veg for framtidig situasjon med støyskjerming.

Samanlikninga viser at det er svært liten forskjell på dei to alternativa og vi kan **trekke motsegna** til dette punktet.

Naturmangfald

Konsekvensutgreiinga for naturmangfald er oppdatert ved at viktige leveområde for fugl er kartfesta og verdsett til svært stor verdi.

Dei viktige leveområda for fugl strekk seg langt utafor planområdet. Hovudtyngda negativ effekten av ny E39 vil difor i hovudsak gjelde for areal som ligg utafor planområdet. Vi viser her til planfaglege merknader og forventar ei vurdering av samla belastning av tiltaket uavhengig av plangrensa og at endeleg traséval blir valt som følgje av dette.

I føresegn § 3.7 c) står det: «*For å hindre drenering av myr skal det etableres tetningsvoll oppstrøms ny E39*».

Det er uklart om dette gjeld heile strekninga eller berre delar av strekninga. Det er myrareal langs heile strekninga, og vi ber om at føresegnene stadfester at tetningsvoll skal byggast langs heile strekninga. Vollen må visast i plankartet. Det bør også spesifiserast i føresegnene at voll skal byggast etter prinsippet vist i figur 3 i *Notat om Myr i Skorgedalen*, datert 14.06.2022.

I føresegn § 3.7 a) står det «*Drenering av myr skal unngås i størst mulig grad. Overvåking av grunnvannsnivå skal gjennomførast før, under og inntil 3 år etter vegåpning*».

Føresegna må supplerast med ei formulering om at dersom overvåkinga viser at grunnvassnivået ikkje oppretthaldast, skal tiltak gjennomførast for å gjenopprette grunnvassnivået til opphavleg tilstand.

Å hindre drenering av myr er vesentleg for å oppretthalde området som viktig leveområde for fugl. Vi **opprettheld motsegna** av omsyn til viktige leveområde for fugl inntil plandokumenta er endra i tråd med merknadene over.

Kompenserande tiltak

Av føresegn § 9.2 h) kan vi lese følgjande: «*Statens vegvesen skal i samarbeid med Statsforvaltaren i Møre og Romsdal utarbeide ein rapport som kartlegger og beskriver aktuelle kompensierende tiltak på strekningen Digernes-Vik. Arbeidet skal inkludere vurdering av egnethet (herunder nytte, kostnad og juridisk og praktisk gjennomførbarhet). Gjennomføring av aktuelle kostnadseffektive kompensierende tiltak skal skje mest mulig samtidig med, og avsluttes senest 2 år etter anleggsarbeidet på strekningen*».

Denne formuleringa sikrar ikkje at det blir gjennomført kompensierende tiltak av eit omfang som står i forhold til grad av inngrep i myr, viktige naturtypar og viktige leveområde for fugl som følgje av dette planforslaget. Vi ber om at føresegna utformast med eit ambisjonsnivå som i større grad forpliktar gjennomføring av kompensasjonstiltak, dersom særskilte naturverdiar vert negativt påverka eller vesentlege klimagassutslepp ikkje er til å unngå.

Føresegnene må vere konkrete og sikre gjennomføring. Arealnøytralitet bør vere førande prinsipp. Vi ber også om at det takast ut av føresegnene at Statsforvaltaren skal vere med å utarbeide rapporten. Statsforvaltaren kan vere ein del av ressursgruppa, men Statens vegvesen og kommunane har ansvaret og må ha den aktive rolla i dette arbeidet.

Vassdrag

Vi fremma ved første gongs høyring motsegn til planforslaget fordi det ikkje var gjennomført elveøkologisk kartlegging av dei elvestrekningane som vert råka av utbygginga. Denne kartlegginga er utført hausten 2022. Det vart gjennomført elektrisk fiske, botndyrundersøking og vassprøver i Skorgeelva, Sandgrova og Stordalsgrova, som er vurdert som tre vassførekomstar.

Basert på vassprøver og botndyrprøver har vassførekomstane svært god og god økologisk tilstand målt for både eutrofiering og forsuring. Årsaka til høge fosforverdiar i Stordalsgrova er i følgje rapporten usikker. Sidan økologisk tilstand for botndyr for dette vassdraget var svært god, tyder det på at botndyrssamfunnet i elva ikkje var påverka av auka konsentrasjonar av nitrogen og fosfor.

Ny E39 må ivareta tilstanden som går fram av kartlegginga. For Skorgeelva går det fram at omlegginga må utførast på ein måte som ivaretek dei økologiske verdiane på strekninga. Massane i dagens elveløp må flyttast til nytt elveløp. Riktig biologisk kompetanse må involverast både i planlegging og utføring av tiltaka. Sistnemnte må sikrast i § 8.2 i føresegnene.

Føresegna i § 8.2 er formulert som at det berre gjeld Skorgeelva. Tilsvarande må ein vise til teikning O_202 for omlegging av Stordalsgrova. Også her må ein sikre økologisk funksjonsområde jf. merknad over om Skorgeelva, samt at biologisk kompetanse må involverast i planlegging og utføring av tiltaka. Vi ber om at kantsone langs vassdraga blir sikra i plankart og føresegner, både langs Skorgeelva og Stordalsgrova.

Med føresetnad om at plandokumenta endrast jf. merknadene over kan vi **trekke motsegna** til dette punktet.

Vi er uroa for at anleggsarbeidet kan gje avrenning til vassdraga. Driving av tunnel med utløp til vassdrag er særleg sårbart. Det har vist seg i andre prosjekt at det blir ein god del avrenning i

samband med veganlegg i dagen. I vår fråsegn til første gongs høyring skreiv vi at det er uheldig at det ikkje er fastsett konkrete reglar om etablering av sedimenteringsbasseng innafor bygge og anleggsområde eller riggområda der terrenget blir avdekt og det er opna for mellombels lagring av masser. Statens vegvesen viser til at etablering av sedimenteringsbasseng i nytt planforslag er innarbeidd i føresegn § 4.6 a). Slik formuleringa er i dag sikrar ikkje føresegnene etablering av sedimenteringsbasseng, men opnar for at det *kan* etablerast innafor arealføremål *Annen veggrunn – grøntareal (o_SVG)*. Det går heller ikkje fram kvar sedimentsbasseng skal etablerast. Anleggsarbeid i tørre periodar er føreslått som avbøtande tiltak for å hindre avrenning. Når anleggsarbeidet er i gong er det heilt urealistisk å vente at det blir stoppa under ordinære nedbørsforhold. Det må difor konkretiserast i plan kor det kan etablerast sedimentasjonsbasseng.

Vassmagasin

Det står i kapittel 6.5 i planomtalen at kommunen seier at nytt vassmagasin kan handsamast som byggesøknad. Det er ikkje avklart nytt areal for vassmagasinet. Vi minner om at om tiltaket ikkje er i tråd med gjeldande planføremål må det enten søkjast om dispensasjon eller det må utarbeidast reguleringsplan.

Klima

Innan klimarisiko reknar ein mellom anna på overgangsrisiko. Denne seier noko om sjansen for at framtidige miljøkrav og ny teknologi vil gje endringar i kva som blir lønnsamt i det framtidige samfunnet. ÅDTen for 2050 for vegtraseen er rekna til 6 200 kjt./døgn. Er dette i tråd med ein forsvarleg overgangsrisiko? Noregs klimamål for 2050 og FN's berekraftsmål om ansvarleg forbruk og produksjon taler ikkje for ein slik vekst i personbiltrafikken. I dag er det lagt stor økonomisk gevinst i å redusere reisetida mellom stadar, men allereie no ser vi at ny teknologi tar over for arbeidsreiser. I eit slikt perspektiv kan det bli samfunnsøkonomisk riktig å halde på dagens trase framfor å investere i ein ny.

I vår fråsegn til første gongs høyring skreiv vi at det må gjerast kompenserande tiltak i form av naturrestaurering med ei målsetting om 0-utslepp frå arealbruksendringane.

Vi viste vidare til temarapport for klimagass frå Rambøll og notat om myr i Skorgedalen og bad om at tiltak og råd jf. desse rapportane vart innarbeid i plana for å redusere utsleppa av klimagassar som følgjer av utbygginga. Vi fremma motsegn inntil dette vart gjort.

Berekna utslepp for planforslaget er totalt 72 769 tonn CO₂-ekvivalentar over ei periode på 40 år. Dette utgjer eit betydeleg klimagassutslepp for fylket. Materialproduksjon og transport av materialar står for 45 % av utsleppa, medan arealbruksendringar står for 28%.

Konsekvensutgreiing for tema klimagass lister i kapittel 6.2 opp moglege klimareduserande tiltak. Eitt av desse er reduksjon av vegbreidde. Det blir vist til at gjeldande vegnormalar ikkje gir rom for reduksjon på vegbreidde for ny E39. I område med nasjonalt viktig natur- og myrområde bør det vurderast unntak frå vegnormalane.

Statens vegvesen skriv i Merknadsbehandlinga datert 12.09.2022 at val av material ikkje skal gjerast i reguleringsplan, men i prosjektering/gjennomføring. Føresegnene kan likevel stadfeste at ein i prosjektet må velje robuste lågutsleppsmaterial med lang levetid.

I revidert forslag er det sikra i føresegn § 3.7 at det skal etablerast tetningsvoll oppstraums ny E39 som skal hindre drenering av myr. Det er i rekkefølgekrav § 9.2 stadfesta at det skal utarbeidast ein rapport om kompenserande tiltak for strekninga Digernes -Vik.

Å hindre drenering og endring i grunnvasstanden i myr er viktig for å hindre klimagassutslepp. Vi viser til merknad under naturmangfald, og **opprettheld motsegna** knytt til klima inntil føresegnene er endra i tråd med dette.

Støy

Støy er generelt utgreidd på ein god måte i detaljreguleringa og er eit fint utgangspunkt for å sikre gode støytilhøve.

Vi er samd i kva eigedomar som bør få tilbod om avbøtande tiltak, og vi er nøgd med at det i planføresegna blir vist til tabell i planomtalen.

Føresegnene er derimot ikkje formulert på ein måte som sikrar at desse eigedomane vil få tilbod om lokale skjermingstiltak som bidrar til å oppfylle kvalitetskriteria i kapittel 1.2 i T-1442. Vi fanga ikkje oppe denne mangelen med plana ved første gongs høyring og beklagar dette. Men vi oppmodar Statens vegvesen om å sikre at eigedomane som har krav på lokale avbøtande tiltak faktisk får tilbod om det, og ikkje berre er sikra ei vurdering, jamfør føresegn § 3.2 c).

Føresegnene skal vere konkrete og presise, jf. retteleiar reguleringsplan pkt 6.2 s. 138-139, og T-1442 pkt. 3.2.2 Det vil seie, kvalitetskriteria skal bli gjengitt i føresegna, saman med ambisjon om Lden 55 dB på ein del av eigna uteplass og innomhus støynivå som krav i TEK17 og NS 8175 klasse C (ev. D, jf. SV Policynotat).

Regulerte veganlegg er unntatt frå krav om byggesakshandsaming. Det er difor spesielt viktig at støy er tilstrekkeleg sikra i plankart og føresegner.

Konklusjon

Statsforvaltaren fremmer **motsegn** inntil det er tilfredsstillande avklart at regulert veglinje er den beste løysinga for kystmyr, viktige leveområde for artar og verneområda samla sett, jamfør naturmangfaldlova § 10 om samla belastning.

Å hindre drenering av myr er vesentleg for å oppretthalde området som viktig leveområde for fugl og for å redusere klimagassutslepp. Vi **opprettheld motsegna** inntil dette er sikra ytterlegare i plankart og føresegner.

Vi har ikkje lenger motsegn til valt vegalternativ. Vi kan også trekkje motsegnene vi fremma til manglande avklaring korleis vegtrafikken vil verke inn på friluftslivet.

Vi trekkjer i tillegg motsegna knytt til vassdrag med vilkår om at nokre endringar blir innlemma i plankart og føresegner.

Vi viser elles til merknadene og ber om at dei vert tekne omsyn til.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. statsforvaltar

Ulf Lucasen
ass. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Fagsaksbehandlar

Klima: Anne Melbø, tlf. 71 25 85 15

Kopi til:

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE
VESTNES KOMMUNE
ÅLESUND KOMMUNE
NVE VEST

Postboks 2500	6404	MOLDE
Rådhuset Brugata 10	6390	VESTNES
Postboks 1521	6025	ÅLESUND
Naustdalsvegen 1B	6800	FØRDE



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
20/20416-83	16.09.2022	125562/2022/REGULERINGSPLAN/1535	Anders Smith-Øvland, 71 28 02 41	04.11.2022

Vestnes kommune - detaljregulering - reguleringsplan - E39 Ørskogfjellet - Vik - fråsegn ved gongs offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljregulering for ny E39 mellom Ørskogfjellet – Vik.

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut i frå våre ansvarsområde som miljøfylke nr. 1 følgjande merknader til konsekvensutgreiinga og til det framlagte planforslaget.

MERKNADER TIL KONSEKVENsutGREIING OG PLANFORSLAG

Planfaglege merknader

Ny E39 mellom Ålesund og Molde er delt inn i fleire delstrekningar som det blir utarbeidd separate kommunedel og reguleringsplanar for. Delstrekninga mellom Ørskogfjellet og vik vil saman med delstrekninga mellom Vik og Fuglset, erstatte dagens E39 mellom Ørskogfjellet og Furneset og ferje over fjorden.

Endra føresetnad, vegstandard, målsetting og miljø

Jf. seinare utgreiingar så vil det ikkje være grunnlag for utbygging av ny E39 Ålesund-Molde med 4-feltsveg og dobbeltløpstunnel dei næraste 30 åra. Planforslaget for delstrekninga Ørskogfjellet-Vik har derfor tatt utgangspunkt i ein redusert vegstandard med tofeltsveg i dagsone. Sjølvne tunnelstrekninga er likevel regulert som

dobbeltløpstunell ettersom krav om to nye køyrefelt vil kunne kome på eit tidlegare stadium, men realisering vil ta utgangspunkt føreliggande behov og berre omfatte det eine eit tunnellop.

Lågare vegstandard vil medføre lågare køyrehastigheit. Strekninga Ørskogfjellet – Vik vil her ikkje bidra til at reisetida blir redusert i same grad som vegsambandet er seld inn for overfor befolkninga. Det same vil gjelde for dei andre delstrekningane mellom Ålesund og Molde. Mindre reduksjonen i reisetid enn forventa vil være i strid med hovudmålsettinga for det totale vegprosjektet for ny E39 Ålesund-Molde, men vil samstundes kunne støtte opp under Møre og Romsdal fylkeskommunes målsetting om være miljøfylke nr. 1, som følgje av potensialet for reduserte forureining.

Sjølv om ny E39 i seg sjølv ikkje vil være eit miljøtiltak så kan Statens vegvesen med fordel kommunisere tydelegare miljøeffektane som følgjer av redusert vegstandard og lågare fart. Særskilt ettersom redusert reisetid mellom byane har vore hovudmålsetjinga med ny E39 og at eventuelt lengre reisetid enn forventa vil medføre at det ikkje vil være like attraktivt å pendle mellom byane.

0-alternativ og bruk av alternativt 0-alternativ

Ved førre offentlege ettersyn presiserte vi at konsekvensane ved ny E39 mellom Ålesund og Molde måtte ta utgangspunkt i det reelle 0- alternativet som referansealternativ, dvs. dagens E39 mellom Ålesund og Molde, med ferje over fjorden. Dette for at referansealternativet skal sikre eit heilskapleg og reelt samanlikningsgrunnlag på reguleringsnivå.

Vi viser til at det er nullalternativet som skal være referansen eventuelle nye tiltak skal bli samanlikna med. Nullalternativet representerer i denne samanhengen ein forsvarleg vidareføring av dagens situasjon. Det er vedtatt politikk (regelverk, lover, grenseverdiar mv.) som skal ligge til grunn for utforminga av nullalternativet, jf. rundskriv R-109-25.06.2021 (FIN) og handbok V712 (STV). Dvs. at planforslaget skal legge dagens E39, med ferje over fjorden, til grunn som referansealternativ for utgreiingane.

Dersom Statens vegvesen ønskjer å nansere referansealternativet for å synleggjere konsekvensane ved etappevis utbygging av E39 mellom Ålesund og Molde, eksempelvis ved realisering/ikkje realisering av delstrekninga Ørskogfjellet – Vik, så vil det være naturleg at dette er ei tilleggsutgreiing.

Samferdsel

Regionale føringar for planforslaget

Møre og Romsdal fylkeskommune har etter oppstart av planprosessen vedtatt fleire regionale planar og strategiar vi føreset blir lagt til grunn for detaljreguleringa for E39 mellom Ørskogfjellet – Vik, i tillegg til regional planstrategi 2020-2024 som er nemnt i planomtalen. Dette gjeld mellom anna følgande planar og strategiar:

- [Fylkesplan for berekraftfylket Møre og Romsdal 2021-2024](#)
- [Fylkesstrategi for samferdsel 2021-2024](#)

Innspeil ved oppstart

I vår fråsegn datert 23.02.2022 kom vi med konkrete merknader knytt til kollektivtrafikk og eit ønske om at vegsambandet i større grad blei utforma for å legge til rette for kollektivtrafikken, også når det gjeld delstrekninga Ørskogfjellet-Vik.

Verknader for gåande, syklande og kollektivtrafikken

Når det gjeld kva konsekvensar ei omlegging av E39 Ålesund-Molde vil ha for kollektivtrafikken, så syner berekningane i tidlegare notat om ikkje prissette konsekvensar at ei omlegging ikkje vil ha noko nytteeffekt. Det vil vere naturleg at ekspressbussar går

via den nye strekninga mellom Ørskogfjellet og Vik, medan andre bussar går via Vestnes sentrum. Det vil vere behov for overgang for å kople kollektivtrafikken saman. I praksis vil ei omlegging av E39 likevel medføre negative verknader for kollektivtrafikken.

Nytten ved eventuelt omlegging av E39 vil i hovudsak være avgrensa til varetransport og brukarar av privatbil. Vi ønsker at vegsambandet i større grad vert utforma for å legge til rette for kollektivtrafikken, også når det gjeld delstrekninga Ørskogfjellet – Vik.

Vi registrerer at omlegginga ikkje vil medføre nokon forbetring for gåande og syklende, ettersom desse ikkje kan nytte tunnel.

Det er eit mål frå sentrale, regionale og lokale myndigheiter å redusere biltrafikken i norske byar. Difor har bypakken i Ålesund mellom anna mål om å bidra til å legge til rette for auka bruk av kollektivtransport, med eit påliteleg og effektivt transportsystem for alle transportformer. Med ei omlegging av E39 vil kollektivtrafikken tape konkurransekraft mot privatbilen, og dermed bidra til å redusere effekten av bypakka i Ålesund gjennom å legge til rette for auka privatbil- og varetransport inn til og ut av byen. Meir bilbasert persontrafikk inn til byane vil også kunne vere i konflikt med mål om reduksjon i klimagassutslepp, på grunn av ein høg grad av fossildrivne bilar og varetransport i fylket. Planforslaget her være i strid med fylkeskommunens målsetting om å være eit miljøfylke.

Kollektivløsning o SKH40

På framtidig lokalveg parallelt med ny E39 (dagens trase for E39) er det regulert inn ein kollektivhaldeplass ved Ørskogfjellet skisenter, som er ei vidareføring av dagens løysing:



Fylkeskommunen som kollektivtilbyder er kjent med at det til tider kan vere utfordringar ved å nytte dagens «haldeplass» mellom anna på grunn av parkerte køyretøy. Ut frå reguleringsplankartet ser det ut som haldeplassen berre er planlagt som ei møtelomme – altså ei lomme berre i ei retning. FRAM har gitt tilbakemelding at ein-sidig haldeplass som foreslått vil kunne føre til ulemper for kollektivtransporten, noko som ikkje kan akseptast. Det aktuelle alternativet for vår del er regulering og opparbeiding av busshaldeplassar som betener begge køyreretningane (tosidige haldeplassar).

På bakgrunn av våre interesser som kollektivtilbyder stiller vi som vilkår for eigendogkjenning at det blir regulert inn busshaldeplassar i tråd med krava i handbok N100 som betener begge køyreretningar.

Kollektivtilbod, gang- og sykkel

I planomtalen saknar vi ei nærare vurdering av tema kollektivtilbod og gang- og sykkel, da mellom anna knytt til korleis Statens vegvesen ser for seg trase over Ørskogfjellet. Det kjem ikkje klart fram om det er tankar om å framleis ha sykkelrute der. Viss dette er plana, bør dette stå i klartekst slik at det ikkje er tvil kva som er plana.



Figur 9 Dagens skilting av Nasjonal sykkelrute nr. 1 (til venstre) og Nasjonal sykkelruta over ny bru over Julsundet (til høyre).

Når det gjeld omlegging av nasjonal sykkelrute kan vi orientere om at forslaget i planomtalen er eitt av fleire forslag som Møre og Romsdal fylkeskommune arbeidar med, men endeleg trase er ikkje landa enda. Det er derfor noko uheldig at planomtalen, ut frå det vi forstår, seier at endeleg trase er valt. Vi er samd i at ruta må gå over Julsundet og Otrøya, men det er korleis ein kjem dit som ikkje er landa, der vi har to traseval til vurdering:

- Hollingen – Mordalsvågen – Otrøya, eller
- Malmevfjorden – Skaret – Molde – Mordalsvågen – Otrøya.

Vi ber om at tekst under figur 9 i planomtalen blir endra slik at det blir vist til «mogleg ny rute» for nasjonal sykkelrute, og at det går klart fram av planomtalen at endeleg traseval ikkje er landa enda.

Automatisk freda kulturminne

Vi har gjennomgått dei reviderte plandokumenta og har ingen særskilte merknader knyt til arkeologi.

KONKLUSJON

Planforslaget vil medføre auka klimagassutslepp og være i strid med fylkeskommunens målsetting om å være eit miljøfylke.

- Sjølv om ny E39 i seg sjølv ikkje vil være eit miljøtiltak så kan Statens vegvesen med fordel kommunisere tydelegare eventuelle positive miljøeffektar som følgjer av redusert vegstandard og lågare fart, enn det som var utgangspunktet for planlegginga.
- Lågare vegstandard og lågare fart vil være i strid med hovudmålsettinga for ny E39, om forventa redusert reisetid mellom byane.
- Lågare vegstandard, lågare fart og lengre reisetid enn forventa, vil medføre at det ikkje vil være like attraktivt å pendle mellom byane som førespegla.

- Vi viser til rundskriv R-109-25.06.2021 (FIN) og handbok V712 (STV), og at det er dagens E39 med ferje over fjorden som skal bli lagt til grunn som referansealternativ for utgreiingane (0-alternativet).
- Dersom Statens vegvesen ønskjer å nyansere referansealternativet for å synleggjere konsekvensane ved etappevis utbygging av E39 mellom Ålesund og Molde, eksempelvis ved realisering/ikkje realisering av delstrekninga Ørskogfjellet – Vik, så vil det være naturleg at dette er ei tilleggsutgreiing.
- Ny E39 vil medføre negative verknader for kollektivtrafikken, blant anna gjennom tap konkurransekraft mot privatbil og redusert effekt av bypakker.
- Meir bilbasert persontrafikk inn til byane vil vere i konflikt med målsettinga om reduksjon i klimagassutslepp.
- Ny E39 mellom Ørskogfjellet og Vik vil ikkje medføre nokon forbetring for gåande og syklande, ettersom desse ikkje kan nytte tunnel.
- For at kollektivløysinga ved skisenteret på Ørskogfjellet skal kunne fungere stiller vi vilkår for eigengodkjenninga at det blir etablert haldeplassar som betener begge køyreretningane (tosidige haldeplassar).
- Vi ber om at tema som omfattar sykkel blir presisert og at temaet sykkel blir tilpassa det pågåande arbeidet med nasjonale sykkelruter m.m.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Anders Smith-Øvland
Overarkitekt

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Samferdsel: rådgivar Lisa Enstad, tlf. 71 28 05 40

Kopi:

Vestnes kommune

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal



Statens vegvesen
Pb. 1010 Nordre Ål
2605 Lillehammer

Tlf: (+47) 22 07 30 00

firmapost@vegvesen.no

vegvesen.no

Tryggere, enklere og grønnere reisehverdag